

## **Mandat og samansetnad – Forskingsetisk utval ved Universitetet i Agder**

Vedtatt i Universitetsstyret 30.1.2018.

Punkt 2 er endra etter vedtak i Universitetsstyret 14.10.2020.

### Mandat:

1. Det forskningsetiske utvalet ved Universitetet i Agder er eit sentralt rådgjevande organ, som rapporterer til styret.
2. Utvalet skal behandle saker om moglege brot på anerkjente forskningsetiske normer, når desse vert lagt fram for utvalet, i samsvar med *Retningslinjer for behandling av saker om mulige brudd på anerkjente forskningsetiske normer ved Universitetet i Agder*. Det forskningsetiske utvalet skal kunne fastslå om anerkjente forskningsetiske normer har blitt brotne. Utvalets endelege rapport skal oversendast rektor for vidare behandling og endeleg vedtak. Det forskningsetiske utvalet kan i deira behandling av saka, komme med tilrådingar i forhold til moglege vedtak.
3. Utvalet er ope for å behandle saker om mistanke om vitskapleg uærlegdom tilsendt frå forskingsinstitutt i regionen. Saka skal i slike tilfelle vidare til styret for det aktuelle forskingsinstituttet for vidare behandling og endeleg vedtak.
4. Ved vedtak som konkluderer med at ein forskar har opptredd vitskapleg uærleg, kan forskaren klage til Granskingsutvalget, jf. Lov om organisering av forskningsetisk arbeid § 7 andre ledd.
5. Utvalet kan, ved behov og etter førespurnad, vurdere forskningsetiske problemstillingar i forskingsprosjekt. Dette gjeld også prosjekt ved forskingsinstitutt i regionen.
6. Utvalet skal vere ein pådrivar for det forskningsetiske arbeidet ved UiA, og ha medansvar for utvikling og oppfølging av forskningsetisk arbeid ved UiA.
7. Utvalet skal på eige initiativ kunne uttale seg om forskningsetikk.
8. Utvalet skal rapportere årleg til styret om si verksemd. Utvalets verksemd skal, så langt ikkje går på tvers av omsyn til personvern, vere ope for offentleg innsyn.
9. Der fakulteta har eigne forskningsetiske utval bør punkt 5 gjennomførast i eit samarbeid med fakultetsutvalet.

### Samansetnad:

1. Det forskningsetiske utvalet består av 5 medlemmar, der minimum 2 er eksterne. Utvalet skal leiast av eitt av dei eksterne medlemmane. Utvalsleiar og utvalsmedlemmane vert oppnemnt av styret for tre år av gongen, med høve for gjenoppnemning.
2. Eitt av medlemmane skal ha juridisk bakgrunn, helst innan forvaltningsrett. Minst eitt medlem skal ha forskningsetisk kompetanse.

3. Dei interne medlemmane bør ha brei forskingsbakgrunn, vere tilsett i førstestillingar, og det vil vere ein fordel med erfaring frå leiarverv ved institusjonen.
4. Det må oppnemnast to interne varamedlemmar, og personleg vara for kvar av dei eksterne.
5. Utvalet skal kunne supplerast med særskild kompetanse når dette vert vurdert som naudsynt.
6. Forskingsadministrativ avdeling vil ha sekretariatsansvaret for det forskningsetiske utvalet.